

# Kulturlandskapscenteret i Telemark AS



**Årsrapport  
2009**



# 1. Styret

Styret i Kulturlandskapssenteret var i fyrste del av 2009: Olav Tho (leiar), Tarjei Gjelstad (nestleiar), Ann Norderhaug, Torunn Raftevold Rue og Ruth Gunlaug Haug. Varafolk var 1. Hans Jørgen Aase og 2. Gunhild Geirsta. Generalforsamling blei halden 11.05.09. Styret blei sitjande. Gunhild Geirsta gjekk ut som 2. vara, og Olav S. Nordbø blei valt inn som ny 2. vara. Styret har hatt 3 møte utanom Generalforsamlinga i mai, omsynsvis i mars, oktober og desember.

# 2. Tilsette

Ingvill Marit Buen Garnås har hatt 20 % stilling i samband med fødselspermisjon og gradert uttak frå 01.01.09 til 10.08.09. Ho tok til att i 80 % stilling frå 11.08.09. Karoline Slethei Wåsjo Hartviksen og Arnt Magne Haugen har vore knytt til senteret på oppdragsbasis, fyrstnemnde i samband med leing av pilot i Beiteprosjektet i Telemark-Agder, og sistnemnde i samband med oppdrag vedrørande verneverdige bygningar. Frå oktober har Kulturlandskapssenteret også hatt Angelica Nilsen i ei 20 % hospitantstilling dekt av NAV Hjartdal. Hennar arbeidsoppgåver går hovudsakleg på dokumentering og tilrettelegging av gamle ferdselsveggar i Hjartdal-Svartdal.

# 3. Aktivitetar

## 3.1 Prosjekt Kulturlandskap

Norsk Kulturarv, Slåttefestivalen og Kulturlandskapssenteret fekk i 2006 ei treårig støtte frå Landbruks- og matdepartementet til "Prosjekt Kulturlandskap", med føremål å saman auke fokuset på kulturlandskap. Kulturlandskapssenteret si rolle i høve Slåttefestivalen har vore å utvikle faglege programtilbod som supplement til tevlingane og arrangementet elles. Slåttefestivalen har på si side fått støtte til å utvikle festivalen som arrangement, m.a. gjennom å etablere det fyrste offisielle NM i ljåslått. Kulturlandskapssenteret har også samarbeidd med Norsk Kulturarv om å revidere deira [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net), ei nettside dei i si tid overtok av Fylkesmannen i Telemark etter avslutting av Kulturlandskapsprosjektet i Hjartdal (1999-2003).

Samarbeidet blei i 2008 forlenga for tre nye år med midlar frå LMD/Innovasjon Noreg. Kulturlandskapssenteret fekk med dette stønad til fagseminar festivalfredagen (årleg ramme på 40.000 kr), eit pedagogisk opplegg for born og unge (årleg ramme på 45.000 kr), samt vidareutvikling av [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net) (årleg ramme på 35.000 kr). Kulturlandskapssenteret sin stønadsperiode er 2009-2011.

### **3.1.1 Ut i mark og eng – Kulturlandskap i skulen**

I løpet av våren utarbeidde og gjennomførte Kulturlandskapsenteret eit nytt undervisningsopplegg om kulturlandskap mynta på skulestege 5.-7. klasse og 8. klasse.

Elevane får gjennom dette opplegget lære om ressursbruken i ”det gamle jordbruket” og korleis dette har virka inn på landskapet ein ser i bygder og fjell i dag. Vidare blir det fokusert på dei mange ulike verdiane som ligg i ”det gamle jordbrukslandskapet” og utfordringane ved å ivareta desse i dag. Emneområda i denne samanheng er ’kulturhistorie og identitet’, ’trivsel og oppleving’, ’biologisk mangfald’, ’berekraft og matvaretryggleik’.

Undervisinga føregår i form av to dobbelttimar med ca. 1-2 månaders mellomrom, elevoppgåver i mellomtida og avsluttande utferder. Kulturlandskapsenteret har utarbeidd ein powerpointpresentasjon i to modular. Denne blei også nytta på ei pedagogisk utstilling i Gamleskulen under årets Slåttefestival. Elevane hadde i oppgåve å utforme og gjennomføre intervju med gardbrukarar i bygdene sine. Intervjua var også ein del av den pedagogiske utstillinga under Slåttefestivalen. Seinare kan det vera aktuelt med nettutstilling av tilsvarende oppgåver. Dei eldste elevane fekk i tillegg lære å bruke ljå. Bent Nilsen (Sande i Vestfold/Tuddal) var instruktør på ljåslåttkursa.

Det er tanken å vidareføre undervisningsopplegget med stønad frå LMD også dei to neste åra, og det er aktuelt å ta inn fleire skular i nærområdet. Skulane får ev. dette som eit gratis tilbod. I tillegg søkjer ein kommunane om støtte til transport i samband med utferdene.

På bakgrunn av dei røynsleane ein gjer seg under utprøving blir det arbeid med å få produsert eit undervisningsmaterieil for bruk i skuleverket på ein meir generell basis. Opplegget bør på lengre sikt kunne tilpassast undervisning i ulike delar av landet.

Med i 2009:

5. - 6. klasse på Flatdal skule (elevar frå Svartdal, Flatdal og Langlim).

5. - 7. klasse på Hjartdal skule.

8. klasse i Hjartdal kommune (elevar frå Hjartdal, Tuddal og Sauland).

### **3.1.2 Programpostar under Slåttefestivalen**

Kulturlandskapsenteret hadde fylgjande programpostar under Slåttefestivalen:

Fredag:

- **Seminar om bruk og vern av seterlandskap.**

På seminaret medverka i tillegg til Kulturlandskapsenteret, Anders Bryn frå Skog og landskap, John Petter Løvstad frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Arnt Magne Haugen frå Riksantikvaren, samt seterbrukarane Nanfrid Røyseland og Ingebjørg Håvardrud frå Tinn. Seminaret hadde 22 påmelde frå Telemark, Buskerud og Agder, ei engasjert forsamling av grunneigarar og forvaltingspersonar frå ulike fagfelt.

Laurdag:

- **Pedagogisk utstilling** i Gamleskulen (Framvising av Ut i mark og eng, temaustilling om slåtteeng, elevoppgåver m.m.)
- **Kulturlandskapssti** med 7 postar
- **Kortkurs i ljåslått** med Bent Nilsen (drop in)

### **3.1.3 *www.kulturlandskap.net***

Norsk Kulturarv og Kulturlandskapssenteret ferdigstilte i 2008 ein ny overordna disposisjon for sida. Norsk Kulturarv er eigar og har redaktøransvaret, men har sett av ei ramme til Kulturlandskapssenteret for oppfylging av samarbeidet. I 2009 har det m.a. pga. fødselspermisjon ikkje vore kapasitet til å arbeide større med sida, og delar av ramma er difor overført til 2010.

## **3.2 *Kurs og undervising***

### **3.2.1 *Kurs i tørrmuring og restaurering av steingardar***

I mai gjennomførte Kulturlandskapssenteret eit kurs i tørrmuring og restaurering av steingardar med Eystein Greibrokk. Kurset hadde i alt 8 deltakarar, frå Hjartdal, Fyresdal og Uvdal. Ein fekk berre gode attendemeldingar frå deltakarane, og fin omtale i lokalavisa. Kurset var støtta av Fylkesmannen i Telemark/EVL-ordninga. Kurset gjekk med eit mindre underskot, utan at ein tok ut noko for administrasjon.

### **3.2.2 *Temadag om lauving***

I august gjennomførte Kulturlandskapssenteret temadag om lauving, med teoridel på Gamleskulen ved Kulturlandskapssenteret og praktisk kursing på Myljom-To ved Olav Tho, deretter sams synfaring frå Myljom-To (lauvingsli i hevd) til Ambjørndalen (gamle forvaksne lauvingstre) . Temadagen hadde 10 deltakarar inkludert 2 medverkande. Temadagen gjekk ikkje i balanse om ein skal rekne på arbeidstimar til planlegging og gjennomføring, utgifter til PR etc.

## **3.3 *Diverse kulturelle aktivitetar***

### **3.3.1 *Sogelandsarrangement – Kulturlandskapsvandring***

Kulturlandskapssenteret blei i 2009 luteigar i Sogelandet, og blei også oppmoda om å stelle til eit eige arrangement i Sogelandskalenderen. Kulturlandskapssenteret prøva seg med ”kulturlandskapsvandring med tonefylgje” frå Hjartdal Nordbygd til Svartdal (Bøllås-Blika) i mai. Fint vêr, godt oppmøte (Ca. 50 stk) og positive attendemeldingar.

### **3.3.2 *Opplegg for bornehagane i Hjartdal***

Mykje av songarven vår er knytt til det gamle jordbruket, og såleis kan ein nytte songane som innfallsvinkel når ein skal lære ungar litt om landskapet vårt og kva som har prega det. Hausthalvåret var det tre økter i kvar av dei tre bornehagane i Hjartdal kommune. Opplegget med månadlege vitjingar blir vidareført i 2010.

### **3.3.3 Diverse underhaldning**

Kulturlandskapssenteret har på haustparten vore leigd inn med kulturprogram i samband med eit par møte avhalde i Hjartdal, eitt for Vegvesenet og eitt for TINE . Ein har elles pga. liten kapasitet i samband med fødselspermisjon ikkje kunna marknadsført eller ta på seg så mykje av denne type verksemd i 2009.

### **3.4 Guiding og fagturar**

Det har berre vore ein fagtur med omvisning i Hjartdal i år; Høgskulen i Telemark/Naturforvaltarlina kom i samband med skuleutferd i mai. Dette er eit tilbod som fungerer godt i praksis, og som bør marknadsførast betre. Det er mogleg det tek litt tid før målgruppene responderer. Det bør elles utviklast manus på engelsk, kan hende fleire språk.

### **3.5 Føredrag**

Kulturlandskapssenteret hadde eit innlegg under *Landbrukets Kulturminnedager* i regi av Kulturminnefondet/Vågå kommune i september, i tillegg til kulturprogram under middagen. Av mindre føredragsoppdrag kan nemnast ei gruppe frå Setesdal på studietur i regi av Telegardar i april og på Kjæringveld i Tuddal i oktober. Ein har elles pga. liten kapasitet i samband med fødselspermisjon ikkje kunna marknadsført eller ta på seg så mykje av denne type verksemd i 2009.

Det kunne gjerne vore fleire førespurnader av dette slaget, men det vil truleg koma meir med tida. Små fag- og interesselag har elles ikkje noko budsjett å snakke om når det kjem til honorar. Det bør jobbast med å få på plass finansierte tilbod til desse gruppene.

### **3.7 Konsulenttenester**

#### **3.7.1 Nasjonal handlingsplan for slåtteeuger**

Telemark er peika ut som eitt av fire prøvefylke for Direktoratet for naturforvaltning sin Nasjonal handlingsplan for slåttemark. Kulturlandskapssenteret er, under vegleieing av Bioforsk og på oppdrag for Fylkesmannens miljøvernavdeling, valt som regional koordinator for innsatsen i Telemark. Det samarbeidast også tett med Fylkesmannens landbruksavdeling og Norsk Landbruksrådgivning Østafjells. Arbeidet blei påbyrja i vår, med noko feltarbeid i juli og elles hovudinnsats på haustparten. Dette har teke mykje av arbeidskapasiteten i haust. Ramma for 2009 var på ca. 130.000 kr inkl. mva.

#### **3.7.2 Beiteprosjektet i Hjartdal (Sauland – Tuddal)**

Beiteprosjektet i Telemark og Agder har ein pilot i Sauland med forgreiningar til Tuddal. Kulturlandskapssenteret er leigd inn av Hjartdal kommune på engasjement til å koordinere og drive prosjektet framover. Det er arbeidd med utveljing av område, drøfting med involverte grunneigarar, samt utarbeidd konkrete planar som grunnlag for søknader om tiltak. Karoline Slethei Wåsjør Hartviksen har hatt hand om dette. Det er nytta om lag 150.000 kr av total ramme på 250.000 kr ekskl. mva i 2008-2009.

### **3.7.3 Rydding av vegkantar**

Kulturlandskapscenteret er framleis indirekte involvert i to større ryddeprosjekt: ”Ryddetiltak langs vegar i Hjartdal” og ”Innsyn i landskap langs vegar i Tuddal”. Det er to lokale grupper som driv prosjekta, delvis i samarbeid med Hjartdal kommune. Prosjekta har initiert ryddetiltak både langs kommunal veg, fylkesveg og europaveg. Tilskotta kjem frå SMIL og trafikksikringspottar i kommunen, Fylkets trafikksikkerheitsutval og Fylkesmannen (Krisepakkebidlar).

### **3.7.4 Diverse konsulentverksemd og søknadshjelp, dendrokronologiske dateringar m.m.**

Det er utarbeidd ein handfull tilstandsrapportar og kostnadsoverslag for restaurering av hus med tanke på søknad om midlar. I tillegg har ein fått inn eit større oppdrag på dendrokronologisk datering av hus på Romerike.

### **3.7.5 Koordinering for Slåttefestivalen**

Slåttefestivalen har kjøpt tenester når det gjeld utarbeiding av PR-materiell, ny nettside, hjelp med brevskrivning, administrering og nettverksbygging. Det kan bli aktuelt å fortsetje og utvide dette samarbeidet på nokre felt.

### **3.7.6 Koordinering for Sogelandet**

På tampen av året har Kulturlandskapscenteret fått ein førespurnad om ev. koordinatorjobb for Sogelandet i 2010.

### **3.7.7 Diverse førespurnader**

Gjennom året har Kulturlandskapscenteret svart på ei rekkje faglege spørsmål via telefon, e-post ol. Det meste av dette har vore små tenester der ein ikkje kan ta betalt, men som likevel tek litt tid å handtere.

## **3.8 Diverse møteverksemd**

I tillegg til styremøte har det vore avhalde fleire arbeidsmøte med Slåttefestivalen og prosjekta ein har arbeidd med i Hjartdal, Tuddal og Sauland. Kulturlandskapscenteret har elles vore i eit par møte med Fylkesmannen i Telemark og Bioforsk vedrørende Nasjonal handlingsplan for slåtteenger, og med Sogelandet vedr. ev. engasjement for 2010.

## **3.9 Nordisk samarbeid**

Kulturlandskapscenteret har knytt kontakt med Nordisk Kulturlandskapsforbund, gjennom at dagleg leiar er valt inn i styret og har ansvaret for deira heimesider [www.n-kf.org](http://www.n-kf.org). Det blei på haustparten avklart at det er aktuelt å arrangere årsmøte for 2011 i Telemark, ev. Hjartdal – Svartdal og omeign.

## 4. Marknadsføring

### 4.1 Internettside

Sida har vore jamleg oppdatert gjennom 2009. Det er kome mange gode attendemeldingar på at Kulturlandskapssenteret har ei fin og delikat internettside. Systemet frå Intellicom er enkelt å handtere, og gjer redigeringsjobben lett.

### 4.2 PR-materiell og distribusjon

PR-materiell blir stadig justert og oppdatert. Brosjyrer, flygarar og plakatar blir skriva ut frå skrivarar på Bygdesentralen. Kvaliteten er OK. Dette gjer det mogleg å redigere eige PR-materiell på ein enkel og rimeleg måte. Alle kurstilbod får faldarar som blir masseutsendt i tillegg til info via e-post og internett. Hovudmålgruppene er offentleg forvaltning og faglag i Telemark, Buskerud, Vestfold og Agderfylka. Det har elles vore lite omreisande PR-verksemd i 2008, da dette var vektlagt i 2007.

### 4.3 Dyrsku'n

Kulturlandskapssenteret fekk i år tilbod om å stille ut pedagogisk materiell i Loftet, rett ved inngangen. Dette er eit vinn-vinn samarbeid, der Dyrsku'n får eit "gratis" tilbod og Kulturlandskapssenteret får ein "gratis" stand. Responen var god, særleg fredag. Det må arbeidast med meir i augnefallande avertissement på utsida for å lokke forbipasserande inn. PR-effekten er vanskeleg å måle på omsetjinga, men det er mykje truleg at det å vera synleg og tilstades på Dyrsku'n kan ha ringverknader på fleire måtar.

### 4.4 Media

Det er viktig å porsjonere ut informasjon knytt til konkrete tilstellingar og tilbod, slik at senteret stadig har ein aktualitetsverdi. Aktuelle oppslag i år har vore om undervisningsopplegget i skulane, kurset i restaurering av steingardar, temadag om lauving og bornehageopplegget med songar frå kulturlandskapet.

## 5. Søknadsarbeid – Prosjekt og oppdrag fram i tid

På vårparten blei det arbeidd med ein søknad til Fellesfondet for Øvre Telemark om midlar til å utarbeide ein **forvaltningsplan for Hjartdal – Svartdal**, mellom anna med tanke på eit ev. kandidatur til Utvalde kulturlandskap. Det er trong for å samanstille og oppdatere tidlegare kartleggingar og registreringar. Dette gav frukter i form av ei løyving på 200.000 kr.

Dette arbeidet skal, som **Nasjonal handlingsplan for slåttemark**, sjåast i samanheng med eit nytt **slåtteeingprosjekt i Hjartdal og Svartdal**, der Hjartdal kommune og Seljord kommune frå før har gjeve tilsegn om 50.000 kr og 25.000 kr til å oppdatere og komplettere tidlegare registreringar, mobilisere og ev. opprette eit samarbeidsorgan som kan sikre skjøtsel og engasjement for slåtteeingene på lengre sikt.

I kjølvatnet av arbeidet med Nasjonal handlingsplan for slåttemark utforma senteret også ein søknad til Direktoratet for Naturforvaltning om midlar til å **utvikle eiga nettside, [www.kulturlandskapssenteret.no](http://www.kulturlandskapssenteret.no), til bruk i arbeidet med handlingsplanen på nasjonalt nivå, samt ei tilsvarande løysing for råd om kulturmarksskjøtsel i Utvalde kulturlandskap.** DN gav på slutten av året ei tilsegn på 200.000 kr til dette arbeidet. Nettsidene vil bli lenka opp til [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net).

## 6. Vurderingar og utfordringar

Ein detaljert handlingsplan høyrer ikkje heime i ein årsrapport, men det kan kort oppsummerast at det er tidkrevjande og kostbart å bygge opp ei kompetanseverksemd frå grunnen av.

Dei fyrste åra har vist at det *er* stor trong for eit senter som kan samle og spreie ulike kunnskapar knytt til kulturlandskap, men dette samsvarar ikkje alltid med betalingsvilje eller oppmøte frå korkje offentleg forvaltning, gardbrukaren eller ”folk flest”. Ein del av formidlingsverksemda burde såleis *finansierast* av det offentlege, og/eller i større grad *gå i samarbeid med* statlege og/eller regionale forvaltingsorgan.

Det er stadig viktig å marknadsføre senteret og tenestene det kan utføre. Det må heile tida arbeidast for å få på plass større og meir langsiktige prosjekt, ev. *partnarskapsavtaler*. I løpet av dette året ser det ut til at fleire tyngre aktørar har fått auga opp for verksemda, både på nasjonalt og regionalt nivå. Ein har fått på plass viktige prosjektstønader og større oppdrag med ei viss langsiktigheit. Kulturlandskapssenteret kan sjå fram til eit innhaldsrikt 2010.

---